Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. X 2. Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Herefoss.

Emne: Transport av høy Bygdelag:

Oppskr. av: Peter Stoveland Gard:

(adresse): Herefoss. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. (delvis)

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eirik Stoveland, bonde, 70 år.

SVAR

Høytransporten her i Herefoss er
nokså lik på store og små gardar.
Husmannsplassar er det ikkje
nokon att av no. Bøndene held
framleies på å slå i utmarka, men
ordet utmark nyttar dei ikkje. Men
eg går ut ifrå at det er det same
som vi kallar „heia" og eller ut-
gjordet. Å slå på heia vil seia
å slå myrar og kjørr i skogen.
Men myrane ligg som oftast på
heia. Utgjorde, eller „udgjorde"
som folk seier her, har dei fles-
te gardar. Det er bakkar og
myrlendt jord som er oppslått
kring heimegjordet. Heimegjordet
blir haldi i mykje betre hevd
no enn før; difor slår folk
mindre på heia. Det er gjerne
så langt til slåttene at flest-
alle køyrer høyet heim med
hest. Berre på retteleg smabruk
ber dei det heim

2281

2

2. Andre køyrer dei det, eller og ber det. Sume har sleper- og hesteriver til rå-høyet. Dei som ber, nyttar tau med „hegd". Ei hegd blir laga av ein kvist og bøygd saman som ein omvend l(?) Tauet held ein over akslene. Stundom får beraren hjelp. Då står beraren bak. Det er ikkje så uvanleg her at dei brukar å rulla høyet ut for bratte hamrar. Heller ikkje nyttar dei løypestreng til høy, men stundom til lauv. Trillebor eller båre nyttar ein ikkje til transport av høy. Derimot er slede mykje brukt både i heimegjordet, utgjordet og på heia. Om sumaren brukar ein treslede, d.v.s. slede utan jarnskoning. Hjulslede kan eg ikkje hugsa eg har sett her. Trommet til treslede er gjerne av to slag, anten med lause grindar på sidene eller og utan grindar, men då er botnen laga som ein halv sirkel (eller ei halv elipse), og borda som det er opne rom (vert kalla spiletrom) mellom, er feste saman med vidjer. I utgjordet og på heia kjemmer vi alltid høyet når vi skal køyra det inn av di det er så kort. Nyttar ein grindar, er det ikkje så nøgje korleis ein legg kjemmene, i alle fall i botnen.

2281

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

men nyttar ein ikkje, er det vandare. Då må hjummene leggjast nöggjare di större lasset skal vera. Dessutan må det festast godt, eller „jures", som vi seie her, elles vil det lett falla frå kvarandre. Ein legg som regel hjummene i to rekkjer mot kvarandre, men den neste og övste legg ein midt etter. Sume legg ut bord under jurelasset, men det er ikkje vanleg. (Jure tau er vel det same som gyrdatog) Vinterlasset er alltid större enn sumarlasset utan at det er noko visst tilhöve mellom dei. Ingen bruker to hestar for höysleden.

Eg kjenner ikkje til at det var nokon viss måte å transportera höyet på frå fjellsslåtter, heller ikkje når höyet blei delt. Stölar er det ikkje her. Frå utslåttene heia, blei höyet köyrd heim etterkvart som bönderne trong om det. Men som oftast laga dei seg såleis at dei kunne venta til det kom nok snö. Difor hadde dei gjerne noko fjorgamalt höy utetter hausten. – Alle brukar jarnskodd slede om vinteren. Der dei ikkje har hest, bruker dei höyrar. Det er sjeldan at nokon ber höy no. Bröyting syter kvar mann for sjölv.

2281
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING